



Cowi AS  
Jørn Nielsen  
Postboks 6412 Etterstad  
0605 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/19122 - 21/5067

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
22.01.2021

## Løyve til riving av deler av bygg - gbnr 137/55 Alver

**Administrativt vedtak:** Saknr: 113/21  
**Tiltakshavar:** Circle K Norge AS  
**Ansvarleg søkjar:** Cowi AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til riving/sanering av tiltak knytt til drift av bensinstasjon på eigedom gbnr. 137/55. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal gjennomførast i samsvar med vedtak i sak 20/17962, administrativt vedtak saknr. 1307/20 datert 02.12.2020, godkjent tiltaksplan for forureina grunn knytt til tiltak om riving. Vi legg til grunn at vedtaket vert fylgt opp.

Når tiltaket er utført skal det søkjast om ferdigattest.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving/sanering av installasjonar og reklame/profilering knytt til drift av bensinstasjon på eigedom gbnr. 137/55.

Ansvarleg søkjar har opplyst følgjande om tiltaka:

*(...)Circle K Norge AS (tiltakshaver) skal avvikle sin bensinstasjon beliggende i Isdalstøbakken 22 i Alver Kommune (Gnr: 137 Bnr: 55). Det betyr at alle drivstofftekniske installasjoner og ID-merking skal demonteres og fjernes.*

### Omfang av tiltaket

*Tiltaket omfatter demontering og fjerning av bensinstasjonens drivstofftekniske anlegg og id-materiell som i hovedtrekk vil omfatte følgende arbeider (ikke uttømmende liste):*

*\*Riving id-mast inkl. fundament*

*\*Demontering / fjerning av nedgravde drivstofftekniske installasjoner*

*\*Demontering / fjerning sandfang og oljeutskilleranlegg med avløpsledninger frem til forgreningspunkt til bygget.*

*\*Demontering / fjerning av alt ID materiell inkl. id-mast med fundament*

*\*Miljøkontroll*

(...)

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid, fjerning av tankar og leidningsnett, fjerning av ureina massar og fjerning av Circle K si profilering på eigedommen.

Det vert elles vist til søknad mottaken 15.12.2020.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 15.12.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato. Grunna stor saksmengde og redusert bemanning har vi ikkje hatt høve til å handsame søknaden dykkar ved tidlegar høve, og vi seier oss leie for eventuelle ulempe dette kan ha medført. Konsekvens for kommunen si fristoverskriding i saker som oppfyller vilkår for 3 vekers sakshandsaming er at løyve vert rekna som gitt, det føreset at søknaden er komplett.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er definert som BKB5. Det ligg generelt krav om regulering på eigedomen. Administrasjonen er eining i søkjar si vurdering av at fjerning av profilering og tiltak knytt til bensinstasjon drift og profilering av denne på eigedomen ikkje krev søknad om dispensasjon.

Vi gjer merksam på at dersom det, slik ein skildrar i søknad, skal reetablerast bensinstasjonsdrift på eigedomen så vil dette krevje regulering.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune ved avdeling for Miljø og tilsyn har i sak 20/17962, administrativt vedtak saknr. 1307/20 datert 02.12.2020, godkjent tiltaksplan for forureina grunn knytt til tiltak om riving. Vi legg til grunn at vedtaket vert fylgt opp.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Ansvarleg søkjar har i skriv i saka opplyst følgjande:

*(...)Tiltaket er kun demontering og fjerning av drivstoffteknisk anlegg samt miljøkontroll av grunnen. Tiltaket er utenfor naboers interesse og særskilt varsel vurderes som unødvendig.(...)*

Administrasjonen legg søkjar si vurdering til grunn og krev ikkje varsling av tiltaka jf. plan- og bygningslova § 21-3.

Søkjar har opplyst at arbeid knytt til riving/sanering vil pågå i innan normal arbeidstid, måndag til torsdag frå kl. 07.00-19.00, fredag til kl. 13.00.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 14.12.2020 samt teikingsnr 57069-A-02 datert 28.02.2007, revidert 14.12.2020.

## **Tilkomst, avkøyrslø, parkering, vatn og avløp (VA)**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Eventuell plugging av VA-leiningar skal avklarast med Alver kommune ved avdelling for Samferdsle, veg, vatn og avløp før gjennomføring.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket. Alver kommune ved avdeling for Miljø og tilsyn har i vedtak datert 02.12.2020, i administrativt vedtaksaknr 1307/20, godkjent tiltaksplan for forureina grunn. Vi legg til grunn at vedtaket vert fylgt opp under utføring av rivinga.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **VURDERING:**

### **Plassering**

Riving og sanering vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarlast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/19122**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Situasjonsplan

**Vedlegg:**

Tegning Eksisterende Plan

**Kopi til:**

Circle K Norge AS	Postboks 1176 Sentrum	0107	OSLO
Circle K Norge AS	Postboks 1176 Sentrum	0107	OSLO
Cowi AS	Postboks 6412 Etterstad	0605	OSLO

**Mottakarar:**

Cowi AS	Postboks 6412 Etterstad	0605	OSLO
---------	----------------------------	------	------